



Nærøyfjorden  
verneområdestyre

## Møteinkalling

---

**Utval:** **Nærøyfjorden verneområdestyre**

**Møtestad:** Digitalt møte, Teams

**Dato:** 27.03.2023

**Tidspunkt:** 13:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Møtet vert gjennomført digitalt som teams-møte.



## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 10/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 11/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 12/23	Orienteringar og referatsaker		
RS 5/23	Innkalling til møte i Verdsarvrådet (VAR) og oversending av notat om forvaltning av Vestnorsk fjordlandskap mottatt frå Miljødirektoratet og Riksantikvaren		2021/1569
ST 13/23	Høyringsinnspele - Nærøyfjorden landskapsvernområde - marin verneplan Sognefjorden		2022/16970
ST 14/23	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Løhaug - restaurering av stølshus		2023/3314
ST 15/23	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Klungrenes - restaurering av uteløe		2023/4234

**ST 10/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 11/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

**ST 12/23 Orienteringar og referatsaker**

**RS 5/23 Innkalling til møte i Verdsarvrådet (VAR) og oversending av notat om  
forvaltning av Vestnorsk fjordlandskap mottatt frå Miljødirektoratet og  
Riksantikvaren**



Arkivsaksnr: 2023/2776-0

Sakshandsamar: Ivar Optun Andersen

Dato: 13.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	13/23	27.03.2023

## Høyringsinnspe - Nærøyfjorden landskapsvernombåde - marin verneplan Sognefjorden

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre sender saksframlegget i denne saka som innspe til verneprosessen for Sognefjorden med tilhøyrande utgreiingsprogram.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Melding om oppstart av arbeid med marint vern Sognefjorden og tilhøyrande utgreiingsprogram, *Statsforvaltaren i Vestland*, 08.12.2022.
- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombåde av 02.11.2002.

Statsforvaltaren i Vestland har sendt ut oppstartsmelding av verneprosess for Sognefjorden etter naturmangfaldlova § 42. Høyringsfrist for innspe er 15. mars 2023.

Det ligg vesentlege nasjonale og internasjonale forpliktingar til grunn for marint vern i Sognefjorden. Innan 2020 har Noreg forplikta seg til å bevara 17 % av landareala og 10 % av sjøareala. Marint vern er samstundes sentralt for Havpanelet, der Noreg støttar eit globalt mål om å verne og beskytte 30 % av havet innan 2023.

Frå Utgreiingsprogram: Marin verneplan for Sognefjorden:



«Utgangspunktet for vern av Sognefjorden er Rådgivende utvalg for marin verneplan (Skjoldal m.fl. 2003, 2004) sitt forslag om å verne 36 område i Noreg, der Sognefjorden er eitt av desse kandidatområda. Dette utvalet vart oppnemnt i 1991. Utvalet la fram ei kartlegging av eigna marine verneområde i 1995, og ei bruttoliste over moglege kandidatområde til marin verneplan i 2001. I 2003 la utvalet fram ei førebels tilråding med forslag til område som blir tatt med i verneplanen, følgt opp av ei endeleg tilråding i 2004.

Områda blei valt ut for å dekke variasjonsbreidda og sikre representative, særeigne, sårbare og truga marine naturverdiar. Utvalet tilrådde ei verneform der ein beskyttar det undersjøiske landskapet med sitt mangfold av habitat, samstundes som ein tillæt næringsverksemnd som ikkje er i strid med verneføremålet. Utvalet kom fram til at ein kombinasjon av vern og bruk er mogeleg for dei fleste områda».

## Vurdering

Nærøyfjorden verneområdestyre er positive til eit marint vern av Sognefjorden. Verneområdestyret er av den oppfatning at det i stor grad vil kunne bidra positivt med eit marint vern til allereie verna område langsmed Sognefjorden, Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden.

Nærøyfjorden er innskriven på UNESCO si verdsarvliste som eit av dei framifrå vakkreste fjordlandskapa på kloden. Grunngjevinga er blant anna det vakre fjordlandskapet frå fjord til fjell. Eit marint vern vil kunne vera med på å styrke verdsarvstatusen og fokuset på det marine naturmangfaldet når også fjordareala frå sjøkartnull til sjøbotnen vert verna.

I Nærøyfjorden landskapsvernombåde er det opning for havbeite og havbruk. Verneområdestyre ønskjer ei avklaring på kva påverknad havbeite og havbruk kan ha på marint vern. Er det foreinleg med marint vern og havbeite eller kan havbeite og havbruk påverka dei marine verneverdiane negativt?

Enkelte grunne områder i Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden kan vera av stor betydning for biologisk mangfold, difor bør dei undersøkast saman med områder der det er allereie er planlagt aktivitet.

Der marint vern fell saman med landskapsvernombåde, bør det avklarast kven som har forvaltningsansvaret.



Arkivsaksnr: 2023/3314-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 20.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	14/23	27.03.2023

## Nærøyfjorden landskapsvernombord - Løhaug - restaurering av stølshus

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Siv Tønder løyve til å restaurera stølshuset på Løhaug tilhøyrande gnr. 69, bnr. 1 – Aurland kommune. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.3 c).

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Stølshuset skal restaurerast, og det skal ikkje gjerast endringar på ytre mål på bygget, som er ca. 350 cm x 600 cm. Takvinkel, takhøgde og takutstikk skal ikkje endrast.
- Grunnmuren skal murast opp att som tørrmur. Det skal nyttast Stein frå eksisterande mur, og kan supplerast med Stein frå nærområdet.
- Materiale som har roteskade kan bytast ut med ny laft eller kledning. Det kan settast opp liggande kledning på tømmerkassa med kanta bord utan fals, og i varierande breidde (t.d. 6", 7" og 8" bord). Ståande kledningen på utselet skal ha same utforming som den som er på stølshuset i dag.
- Øydelagde bølgjeblekkplater kan skiftast ut med same type plater, eller nye plater med same bølgestruktur som dei gamle.
- Dersom arbeidet ikkje startar opp innan tre år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket. Restmateriale, avfall og utstyr skal fraktast ut av området straks arbeidet er sluttført.
- Det skal sendast rapport med bilde til verneområdestyret når tiltaka er gjennomført.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

### Saksopplysningar

- Søknad om restaurering av stølshus på Løhaug, Siv Tønder, 14.03.2023



## Søknaden

Eigar av stølshuset på Løhaug, Siv Tønder, søker om løyve til å restaurera stølshuset. Ho har søkt Vestland fylkeskommune om tilskot til restaureringsarbeidet. I søknaden er det oppgitt følgjande tiltak som skal gjennomførast:

*«Restaurering av selet på Løhaug skal skje ved å heve opp selet og legge inn ny laft i botnen av tømmerkasse. Tømmerkasse er nokolunde heil men trengs å rettast opp og sikrast mot at lafteknutane går meir i opplysing og at laftekassen vert ytterlegare svekka. Det kan vera lurt å kle inn alle veggane med ståande kledning for å låse fast laftet og hindra tilgang for fuktighet og råtning. Kledning kan gjerast med over-/underliggende eller med borda sette kant i kant. Av det ein ser andre stader er begge deler brukt på sel i fjellet. Tørrmuring skal skje med stein ein finn i tomta og tilliggjande terreng. Murane er delvis samanrasa så det vert naudsynt å plukka ned store deler av muren i nord og vest. Tak vert ikkje omfatta av denne restaureringa.»*



Figur 1 Stølen Løhaug med Drægo i bakgrunnen. Kopi frå søknad



## Nærøyfjorden verneområdestyre




**Figur 2** Bilde viser stølshuset slik det står i dag. Kopi fra søknad

Tiltakshavar opplyser at målet med restaureringa er å ta vare på eit kulturhistorisk verdifullt stølshus. Stølen er eit viktig opplevingselement. Dei vil bruka stølen til overnatting for fotturistar, og til privat bruk i samband med turar, jakt og fiske.



## Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 3 Kart som viser stølen Løhaug, nordvest for Drægo. Kopi fra fylkesatlas

### Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden – 2021-2027

### Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.*

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Vanleg vedlikehald som ikkje fører til vesentlege fasadeendringar på bygningar kan gjennomførast utan søknad. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggjeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar på fasade på bygningen. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk*», jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c)



Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Stølen Løhaug i Dyrdal ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det er støl til Dyrdal. Garden Drægo har stølshus her, og det er murar etter stølshus til garden Drægalid. Kulturlandskap med stølsområde og kulturminne er del av verneføremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Istandsetting av stølshus har stor verdi for å ta vare på viktige kulturmiljø. Verneforskrifta regulerer kva inngrep som kan tillatast i verneområde. Vanleg vedlikehald av stølshus kan gjennomførast utan søknad, men arbeidet skal ikkje føra til endringar på fasade på bygningen. Ny ytterkledning på bygningar kan gje endringar på fasaden, og er med det søknadspliktig etter verneforskrifta.

Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan for Nærøyfjorden og Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Det er ikkje kjente registreringar av trua artar eller naturtypar i området ved Løhaug (Naturbase 16.03.2023). I restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, er stølshuset på Løhaug sett opp som prioritert kulturminne for restaurering. Bygget er SEFRAK-registrert, og er tifesta til før 1895. Det er opplyst at stølshuset truleg er flytta frå Hjølmo til Løhaug. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt.

Forvaltninga skal vurdera kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Stølshuset skal restaurerast slik at det vert tatt vare på som del av kulturlandskapet. Tiltaket vil vera positivt for det heilsaklege kulturlandskapet, og vil ikkje gje auka belastning på økosystemet eller naturverdiane.

Stølshuset skal restaurerast og alt av materiale som er brukande skal brukast opp att i bygget. Grunneigar skal nyttja bygnings-handverkar til arbeidet på bygget. Søkjær ynskjer å sette opp ståande kledning på alle veggane på stølshuset for skjerma den mot fuktksade. Ytterkledning på heile stølshuset vil gje endringar på fasaden. I Restaureringsplan for Nærøyfjorden er vernekledning for å verna bygningen eit klimatiltak som er tilrådd for å verna kulturminnet. På spørsmål frå forvaltar, har bygningsrådgjevar hjå Vestland fylkeskommune tilrådd vernekledning på stølshuset på Løhaug. På dei stølshusa i Nærøyfjordområdet der det er kledning på tømmekassa, er det mest vanleg med liggande kledning. På denne bakgrunn tilrår forvaltar det kan settast opp liggande kledning på tømmerkassa som ein vernekledning for å minske skade på tømmerdelen av bygget. Med dei vilkåra som er lagt inn i løyvet, vurderer forvaltar tiltaket til å vera godt tilpassa miljøet jf. nml § 12.

Det er ikkje venta at tiltaket vil føre til skade på naturverdiane, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, og med vilkår for gjennomføring av tiltaka, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til å restaurera stølshuset på Løhaug.



Arkivsaksnr: 2023/4234-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 17.03.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	15/23	27.03.2023

## Nærøyfjorden landskapsvernombord - Klungrenes - restaurering av høyløe

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Thorbjørn Sund løyve til å restaurera høyløa på Klungrenes tilhøyrande gnr. 58, bnr. 2 – Aurland kommune. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.3 c).

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Høyløa skal restaurerast, og det skal ikkje gjerast endringar på ytre mål på løa som er 460 cm x 380 cm. Takvinkel, takhøgde og takutstikk skal ikkje endrast.
- Grunnmuren skal murast opp att som tørrmur. Det skal nyttast Stein frå eksisterande mur, og supplerast med Stein frå nærområdet.
- Før arbeidet vert sett i gang, skal tiltakshavar avklare med bygningsrådgjevar hjå Vestland fylkeskommune om det er naudsynt med ståande kledning på begge langveggane. Vert dette tilrådd, kan det setjast opp ståande kledning på austveggen i tillegg til langveggen i vest.
- Materiale som har roteskade kan bytast ut med ny laft eller kleding. Materialen på kledningen skal ha same utforming som den som er på høyløa i dag.
- Bølgjeblekplatene skal ikkje skiftast ut. Taksperre kan skiftast, men taket skal ikkje lyftast opp med lekter slik at takhøgde vert endra.
- Det kan settast inn dør i høyløa. Døra skal ha same utforming som det som tradisjonelt er brukt som dør i uteløer i området.
- Dersom arbeidet ikkje startar opp innan tre år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket. Restmateriale, avfall og utstyr skal fraktast ut av området straks arbeidet er sluttført.
- Det skal sendast rapport med bilde til verneområdestyret når tiltaka er gjennomført.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturav dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.



## Saksopplysningar

- Søknad om restaurering av høyløe på Klungrenes, *Thorbjørn Sund*, 07.03.2023

### Søknaden

Eigar av høyløa på Klungrenes, Thorbjørn Sund søker om løyve til å restaurera høyløa. Han har søkt Vestland fylkeskommune om tilskot til restaureringsarbeidet. I søknaden er det oppgitt følgjande tiltak som skal gjennomførast:

*«Restaureringen planlegges å gjøres på stedet. Trematerialer og annet bygningsvirke som det er behov for utover det som kan gjenbrukes, vil bli tatt fra håndverkers egen skog Hardanger.*

1. Hele grunnmuren er svært dårlig med delvis utglidninger og steiner som mangler, slik at hele bygningen har fått en kraftig slagside og må rettes opp. Grunnmuren vil kunne gjenoppbygges med hjelp av eksisterende Stein fra stedet uten øvrige inngrep i naturen. Den vil kunne tørrmures «på gammelt vis».
2. Tømmerkassa / bygningen må jekkes opp og rettes. Bunnsvilla / første tømmerlaftet må byttes ut hele veien rundt da den er svært dårlig og vil ikke kunne bære resten av bygget særlig mye lenger.
3. Tømmeret er relativt intakt, selv om alle hjørner er preget av tidens tann og slitasje. Lafteknutene i hjørnet mot fjorden og vestover er svært dårlig og må forsterkes / evt. skiftes ut med nytt laft så sant det lar seg gjøre. Dette er et svært utsatt hjørne mot vær og vind og mest sårbart. Hele bygget bør kles opp igjen med stående panel på langveggene slik det delvis er i dag også. I brystveggene er det delvis liggende og delvis stående kleddning. Problemet her er at den gamle kleddningen delvis er forvitret/ fjernet opp gjennom årene, og gir lite beskyttelse mot tømmerkassa som i utgangspunktet er relativt godt bevart.
4. Gulvet i løa er borte, dels av tidens tann og dels fordi bygningen har vært åpen for folk og fe. Deler av det ødelagte gulvet har trolig vært brukt som brensel av forbipasserende til bål i stranda. Nå er det kun jordbakke der sauvar har holdt til. Nytt gulv må på plass og er et viktig tiltak for å få bygningen tilbake til gammel funksjon og tilstand.
5. Det må lages en ny dør i gammel stil som må slå utover, og må kunne låses slik at vi kan forhindre nye skader på bygget og at uvedkommende tar det i bruk.
6. Når det gjelder taket er det rimelig tett og godt bevart, selv om taksperrer og åser samt spikerslag synes å være relativt underdimensjonert for framtiden. Det ville være ønskelig å øke takets bærekraft, samt lage et tett undertak før det ble lektet opp og lagt tilbake bølgeblikk igjen.»



**Nærøyfjorden  
verneområdestyre**

2022 Klungernes høyløe i Nærøyfjorden landskapsvernområde




**Figur 1 Kopi av bilde frå søknad**



## Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 2 Langvegg med ytterkledning. Kopi av bilde frå søknad



Figur 3 Kart med Klungrenes i Nærøyfjorden. Kopi frå Fylkesatlas

### Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Revidert skjøtselsplan for Styvi i Nærøyfjorden landskapsvernområde, *Miljøfaglig Utredning*, rapport 2022-36
- Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden – 2021-2026



## Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområde, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».*

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Vanleg vedlikehald som ikkje fører til vesentlege fasadeendringar på bygningar kan gjennomførast utan søknad. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggjeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar på fasade på bygningen. Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til «*Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk*», jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c)

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Kulturlandskap med gardsbruk og kulturminne er ein viktig del av verneføremåla i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Verneforskrifta regulerer kva inngrep som kan tillatast i verneområde. På Styvi er det aktiv landbruksdrift med beite for sau. Det vert gjennomført skjøtsel med slått og beitepuassar for å ta vare på det særeigne kulturlandskapet. Høyløa på Klungrenes er ein viktig bygning i kulturlandskapet, og viser korleis ressursane vart nytta i tidlegare tiders drift og busethad i dette området.

Kulturlandskapet og bygningane er med å gje ein auka opplevingsverdi for dei mange som besøkjer området. Nærøyfjordområdet har høgt besøkstal gjennom båttrafikk på fjorden, fotturistar på postvegen mellom Styvi og Bleiklindi, og kajakkipadlarar. Høyløa er godt synleg både frå fjorden og frå postvegen.

Kunnskapen om området er henta frå forvalningsplan for Nærøyfjorden, skjøtselsplan for Styvi og Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. På Klungrenes er det registrert naturtype seminaturleg eng. Det er ikkje kjente registreringar av trua artar (Naturbase 16.03.2023). I forvalningsplanen er Styvi trekt fram som eit område med verdifullt kulturlandskap og bygningsmiljø. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt.

Forvaltinga skal vurdera kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Høyløa skal restaurerast slik at den vert tatt vare på som del av kulturlandskapet. Tiltaket vil vera positivt for det heilskaplege kulturlandskapet, og vil ikkje gje auka belastning på økosystemet eller naturverdiane.

I restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, er høyløa på Klungrenes trekt fram som ei av løene som framleis står, og som det er viktig å ta vare på. Bygget er SEFRÅK-registrert, og er frå rundt år. 1900.



Høyløa skal restaurerast og alt av materiale som er brukande skal brukast opp att i bygget. Grunneigar skal nytta bygnings-handverkar til arbeidet på bygget, og har sjølv praktisk kunnskap med muring og vedlikehald av bygningar. Søkjar ynskjer å sette opp ståande kledning på alle veggane på høyløa for å skjerma den mot fuktskade. Dette vil gje mindre endringar på fasaden. Tiltakshavar må ta kontakt med bygningsrådgjevar hjå Vestland fylkeskommune, for å avklara om det er naudsynt med ytterkledning på alle veggane som tiltak mot fuktskade. Dersom dette vert tilrådd, vurderer forvaltar det kan gjennomførast som eit førebyggjande tiltak for å minske skade på tømmerdelen av bygget. Det er også sett opp plan om å skifte ut skada taksperrer og legge lekter og takplater før bølgeblekkplatene vert lagt på att. Dersom tiltakshavar meiner det er naudsynt å legge takplater under bølgeblekkplatene, kan dette gjerast, men det skal ikkje føra til heving av utvending takhøgde. Med dei vilkåra som er lagt inn i løyvet, vurderer forvaltar tiltaket til å vera godt tilpassa miljøet jf. nml § 12.

Det er ikkje venta at tiltaket vil føre til skade på naturverdiane, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, og med vilkår for gjennomføring, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til å restaurera høyløa på Klungrenes.